

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-D11, FA-X53	21/146

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2022	Formannskapet	PS	22.03.2022
	Kommunestyret	PS	

Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet - fase 2

Forslag til vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 3 000 000 inkl mva til fase to av rassikring ved Bryggjeslottet.

Saksopplysningar:

I samband med raset som gjekk i fjellsida over Bryggjeslottet 28.mai 2021, engasjerte Modalen kommune geologar frå NGI til å bistå i arbeidet med å sikra ferdelsen i og rundt Bryggjeslottet.

Geologane synfarte rasstaden fredag 18.06.21. I etterkant av synfaringa bad Modalen kommune om ei attendemelding med vurderingar og anbefalingar. Det vart då lagt fram ein framdriftsplan for Modalen kommune kor dei tok sikte på å ferdigstilla rapport om skredfarevurdering og alternative sikringstiltak i løpet av juni 2021. (**Vedlegg 1.**) Kart. (**Vedlegg 3**) Vidare framdriftsplan tok sikte på at detaljprosjektering vart utført ila hausten 2021 og at sikringsarbeidet kunne ta til våren 2022.

Bakgrunn

Med bakgrunn i kommunen sitt ynskje om å kjappast mogleg kunna starta reparasjonarbeidet på Bryggjeslottet og å ta i bruk bygget igjen, bad Modalen kommune, NGI i møte 23.06.2021 om å utarbeide ein beskrivelse på naudsynte tiltak for midlertidig bruk av Bryggjeslottet.

Med utgangspunkt i beskrivelsen « Midlertidig sikring av Bryggjeslottet» (**Vedlegg 2**) hadde kommunen dette ute på anbod, der Gjerden Fjellsikring AS vart tildelt jobben. Denne jobben viste seg å vera ein del større en først antatt.

I eit felles møte mellom Modalen kommune, NGI og Gjerden Fjellsikring AS den 22.nov 2021

vurderte NGI den akutte faren for steinsprang mot bygget som over ved fullført rensk. I slutten av desember 2021 vart Gjerdene Fjellsikring AS ferdig med rensk av fjellsida. I tillegg til rensk har Gjerdene Fjellsikring AS sett opp eit wiregjerde langs ytterkant av hylla kor det opprinnelige raset først traff samt kartlegging av behovet for bolting.

Vurdering

Arbeidet med rensk som vart ferdigstilt i slutten av 2021 er skildra som eit midlertidig sikringstiltak og kan difor sjåast på som fase ein av arbeidet mot ei forsvarleg sikring av Bryggjeslottet. Den umiddelbare risikoen for steinsprang vart fjerna slik at bygget kunne takast i bruk igjen, og arbeid med reparasjonar kunne ta til.

Mesteparten av kommunens reperasjonsarbeid på Bryggjeslottet vert dekka av KLP forsikring.

Vidare sikringsarbeid er heilt avgjerdande for å ha moglegheit til å oppnå tilfredsstillende sikkerheitsklasse (*S3 TEK 17*). § 7-3. *Sikkerhet mot skred - Direktoratet for byggkvalitet (dibk.no)*
Boltinga som ein no skal i gang med er det naturlege neste steg i arbeidet mot ei forsvarleg sikring av bygget.

Tiltaket vert vurdert å vere av investeringsmessig karakter og utgiftsførast og finansierast i investeringsrekneskapen/-budsjettet.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 3 000 000 inkl mva til fase 2 av rassikring ved Bryggjeslottet.

Prosjektet har til no hatt ein kostnad på kr 5,4 millionar inkl mva i 2021.

Finansiering:

Saldo på Næringsfondet pr 1.1.22 er kr 2,5 millionar.

Saldo på Generelt disposisjonsfond pr 01.01.22 er kr 5,1 millionar.

Det vert tilrådd å finansiere utgift til rassikring i 2022 på totalt kr 3 millionar slik:

Mva-kompensasjon kr 600 000

Bruk av næringsfondet kr 1 200 000

Bruk av generelt disposisjonsfond kr 1 200 000

Med utgangspunkt i gjeldande drifts- og investeringsbudsjett for 2022 vil venta nivå på fonda pr 31.12.22 vere slik dersom finansieringa av rassikringa vert som tilrådd:

Næringsfondet kr 1,8 millionar

Generelt disposisjonsfond kr 4,3 millionar

Formannskapet - 010/2022

FOR - behandling:

Rådmann Jo Tømmerbakke og teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om bakgrunn for saka, prosessen og krav til rassikring.

Tidsramme; om lag 10 veker arbeidstid og målet er å bli ferdig med alt arbeidet knytta til raset til sommaren.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 3 000 000 inkl mva til fase to av rassikring ved Bryggjeslottet.

Vedlegg:

Vedlegg 1 Bryggjeslottet skredfarevurdering med forslag til sikringstiltak_endelig

Vedlegg 2 Midlertidig sikring av Bryggjeslottet

Vedlegg 3 Område for rensk